



Arkivnr: 2016/34594-17  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.09.2019

## Stiftelsen Bergensklinikkene - uttale angående vedtektsendring

### Samandrag

Hordaland fylkeskommune har fått ein førespurnad frå Deloitte Advokatfirma AS, Dei representarar Stiftelsen Bergensklinikkene. Stiftelsestilsynet ønskjer at stiftinga søkjer om vedtektsendring.

Årsaka til endringa i vedtektene, er at Stiftelsen Bergensklinikkene skal gå inn i Helse Bergen. Styret i stiftelsen Bergensklinikkene har gjort ei avgjerd om vedtektsendring. Endringa gjeld frå den 17.09.2019.

Som ein av opprettarane av Stiftelsen Bergensklinikkane, har Hordaland fylkeskommune rett til å uttale seg om vedtektendringar i stiftinga, Jfr, stiftelseslova § 49.

Fylkesrådmannen rår til at det vert gjeve uttale angående vedtektsendring for Stiftelsen Bergensklinikkene.

**Økonomi:** Inga effekt.

**Klima:** Inga effekt.

**Folkehelse:** Inga effekt.

**Regional planstrategi:** Inga effekt.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek forslag til uttale som framlagt i møtet.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
konst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 18.09.2019

Hordaland fylkeskommune har motteke ein førespurnad frå Deloitte Advokatfirma AS. Stiftelsestilsynet ønskjer at stiftelsen Bergensklinikkene gjer ein vedtekstendring, i vedtektene for Bergensklinikkene.

Hordaland fylkeskommune har rett til å gje ein uttale etter stiftelseslova § 49, ettersom Hordaland fylkeskommune var ein av dei som oppretta Stiftelsen Bergensklinikkene. Årsaka til vedtektsendringa, er at Bergensklinikkene skal inn i Helse Bergen.

Stiftelsen Bergensklinikkene er en alminnelig stiftelse, opprettet av Stiftelsen for A-Klinikk på Vestlandet, Blå Kors og Hordaland fylkeskommune den 4. januar 1991. Stiftelsen er selvstendig og uavhengig, og driver sin virksomhet på ideelt grunnlag. Stiftelsen Bergensklinikkene bygger på et helhetlig menneskesyn som erkjenner at alle mennesker er unike og verdifulle med individuelle, kulturelle og samfunnsmessige behov og ressurser.

Endringa er i vedtektene § 2, stiftelsen sitt formål, 1. avsnitt. Endringa går ut på at stiftinga sin formålsbestemte aktivitet skal utøvast direkte av stiftinga eller via stiftinga sine datterselskaper, eller at stiftinga kan yte stønad til andre aktørar som utøver slik aktivitet.

Stiftelsen Bergensklinikkene sine vedtekter § 2, stiftelsen sitt formål lyder slik:

«*Stiftelsens formål er mestring av rusproblemer, helse, livstil og avhengighet:*

- *Tilbud om behandling til pasienter og deres pårørende*
- *Faglig utvikling av alle stiftelsens personalgrupper*
- *Faglig og organisatorisk utviklingsarbeid og forskning innen rus- og avhengighetsbehandling i samarbeid med universiteter og høyskoler.*
- *Utvikle en nasjonal og internasjonal kompetanseorganisasjon for forebygging og behandling av rusmiddelskader og avhengighet»*

Etter endringa den 17.09.2019 lyder vedtekten § 2 slik:

«*Stiftelsens formål er mestring av rusproblemer, helse, livstil og avhengighet, **ved å utøve slik aktivitet, sjølv eller via datterselskaper, eller ved å yte støtte til andre aktører som utøver slik aktivitet:***

- Tilbud om behandling til pasienter og deres pårørende
- Faglig utvikling av alle stiftelsens personalgrupper
- Faglig og organisatorisk utviklingsarbeid og forskning innen rus- og avhengighetsbehandling i samarbeid med universiteter og høyskoler.
- Utvikle en nasjonal og internasjonal kompetanseorganisasjon for forebygging og behandling av rusmiddelskader og avhengighet.

Stiftelseslova § 49 1. pkt. lyder:

«*Før stiftelsestilsynet eller den som i tilfelle er gitt omdanningsmyndighet etter vedtektene, treffer vedtak om omdanning, skal det innhentes uttalelse fra oppretteren, hvis ikke det er oppretteren selv som har søkt om omdanning.»*

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet gir ein uttale til vedtektsendringa i samband med at Bergensklinikkene skal gå inn i Helse Bergen.

Vedlegg:

1. Vedtekter for Stiftelsen Bergensklinikkene.
2. vedtekter for Stiftelsen Bergensklinikkene gjeldenda frå den 17.09.2019.